

Sjølvevaluering INFO381 – Advanced topics in Artificial Intelligence – Høst 2016

Bjørnar Tessem

Faglærers vurdering av gjennomføring

Praktisk gjennomføring

23 studentar starta på kurset. 22 tok eksamen. Det vart poengtert at kurset er matematisk orientert, og at kunstig intelligens-feltet er blitt svært matematisk over tid. Likevel valde så mange som 23 studentar å ta kurset. Med svak matematisk bakgrunn blant mange av studentane vart fokuset på matematiske teknikkar redusert, med dei konsekvensar det har for djupare forståing av pensum. Tema var probabilistisk resonnering, maskinlæring, naturleg språk og maskin-sansing (syn og hørsel). 14 forelesingar og 6 presentasjonar av prosjektarbeid vart avvikla utan problem. Det var og gruppevis rettleiing av prosjektarbeid to av dei 6 presentasjonsmøte. Studentane møtte jamleg og var aktive. Eksamen vart avvikla som munnleg eksamen over ein dag. Studentane fikk høve til å presentere eit oppgjeve emne på eksamen og fikk eit par små spørsmål i tilknyting det. Dette var etter mitt syn vellukka gjeve at kurset er sett opp med munnleg eksamen. Det er uansett problematisk å organisere munnleg eksamen på ein dag med 22 kandidatar.

Strykprosent og frafall (studiekonsulent legger ut statistisk materiale, faglærer kan evt. kommentere)

Ein student undervegs. Han slutta og på masterstudiet i informasjonsvitenskap for å byrje i jobb.

Karakterfordeling (studiekonsulent legger ut statistisk materiale, faglærer kan evt. kommentere)

Det var gode karakterar basert på gode prestasjonar i prosjektarbeidet og på munnleg eksamen.

Studieinformasjon og dokumentasjon

Informasjon om kurset vart jamleg lagt ut på miside, inkl lysark frå forelesingane.

Tilgang til relevant litteratur

Faglitteraturen er matematisk orientert. Når såpass mange har svak matematisk bakgrunn vert det vanskeleg å finne pensum som gjev ei god djup innsikt for kandidatane.

Faglærers vurdering av rammevilkårene

Lokaler og undervisningsutstyr

Greit lokale, noko støy frå ventilasjonsanlegget

Andre forhold

Faglærers kommentar til evalueringer via seminarleder

Evaluering vart gjennomført elektronisk på miside. Ingen studentar svarte.

Faglærers samlede vurdering, inkl. forslag til forbedringstiltak

Vurder om munnleg eksamen er hensiktsmessig med så mange studentar vi kan forvente framover.